

## Kvartalsrapport pr. 31.03.2024



## Innhold

Innhald.....	2
Melding frå styret.....	3
Resultat.....	3
Balansen .....	3
Misleghald, tapsnedskrivningar og tap .....	4
Kapitaldekning.....	4
Utsiktene for resten av året .....	4
Rekneskap .....	5
Resultatrekneskap .....	5
Balanse .....	6
Resultatanalyse .....	7
Nøkkeltal.....	8
Endring i eigenkapital.....	9
Noter .....	10
Note 1 Rekneskapsprinsipp .....	10
Note 2 Utlån til kundar .....	10
Note 3 Verdipapir .....	13
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring .....	15
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden .....	16
Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav .....	17

# Melding frå styret

## Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første kvartal 2024 på kr 16,2 mill. Tilsvarande resultat på same tidspunkt i fjor var kr 15,3 mill. Det er i hovudsak auka rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 31.03.2024 oppnådd ein rentenetto på kr. 27,1 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,4 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 23,8 mill., tilsvarande 2,15 % av gfk. Auken i rentenetto i kroner skuldast høgare lånevolum og betre rentemargin.

Netto andre driftsinntekter er på kr 8,9 mill. pr. 31.03.2024, ein nedgang på kr 1,1 mill. samanlikna med 31.03.2023. Hovudårsaka til dette er lågare utbytte som følgje av at eit av banken sine produkselskap har lagt om sin utbyttepolitikk.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Banken nyttar meir ressursar enn tidlegare innan mellom anna tiltak mot kvitvasking og svindel. Dette har bidrege til auka løns- og IT-kostnader.

Kostnadsprosenten pr 31.03.2024 er på 45,46 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 43,46 %. Sjølv om kostnadsprosenten har auka, er den låg i forhold til gjennomsnittleg kostnadsprosent for bankar på vår storleik. Avkastning på rentefond er ført som verdiendring på finansielle instrument. Dersom ein tek omsyn til avkastning på rentefond ved utrekning av kostnadsprosent, kjem banken ut med ein kostnadsprosent på 40,93 % pr 31.03.2024.

Tap er kostnadsført med kr 0,158 mill. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 0,613 mill.

Resultat etter skatt for pr 31.03.2024 på kr 16,2 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet på 9,07 %. På same tidspunkt i fjor var eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 9,43 %. Det gode resultatet banken oppnådde i 2023 er i det vesentlege halde tilbake i verksemda. Dette har auka banken sin eigenkapital. Den auka eigenkapitalen forklarar kvifor eigenkapitalrentabiliteten går ned sjølv om resultatet er betre enn i fjor.

## Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2024 er på kr 4.582,8 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 67,4 mill. (1,49 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2024 på kr 5.342,1 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 83,3 mill. (1,58 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.715,4 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 140,9 mill. eller 3,94 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2024 overført kr 759,4 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 743,5 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 156,8 mill. eller 3,63 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.2024 er fordelt med 27,6 % til næringskundar og 72,4 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 26,6 % til næringskundar og 73,4 % til personmarknadskundar og offentleg sektor. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.478,5 mill. Veksten siste året er på kr 94,2 mill. eller 2,78 %. Banken sin innskotsdekning pr 31.03.2024 er på 93,62 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 115,6 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 210,9 mill.

## Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr76,3 mill. kr. pr. 31.03.2024. Dette er ein nedgang med kr 6,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auke med kr 3,7 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2024.

## Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 31.03.2024 har banken ein ansvarleg kapital på kr 613,8 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.237,3 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 27,43 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2024 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 28,21 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 24,68 %, kjernekapitaldekning på 25,21 % og ei kapitaldekning på 25,78 %.

## Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank held fram den positive resultatutviklinga frå 2023 i første kvartal 2024. Banken sin finansielle stilling er god. Etter fleire år med eit svært lågt rentenivå, har auka inflasjon ført til at Norges Bank har heva styringsrenta frå 0 % hausten 2021 til dagens nivå på 4,5 %. Det er no teikn til at inflasjonen er avtakande, men den er framleis over målet til Norges Bank. Dette medfører framleis stor grad av uvisse knytt til vidare utvikling i rentenivå og økonomisk aktivitet. Høg prisvekst kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst har bidrege til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne. Dette har så langt ikkje hatt vesentleg negativ innverknad på kredittkvaliteten i banken sin utlånsportefølje. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen også frametter. Eit høgare rentenivå har samstundes bidrege til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Luster Sparebank skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisera sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

**Gaupne, 26.04.2024**  
**I styret for Luster Sparebank**

Svein Ove Slinde  
Styreleiar

Ove Nyland

John Geir Sperle

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland  
Banksjef

**RESULTATREKNESKAP**

(Tal i heile 1.000)	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Renteinntekter og liknande inntekter		59.262	44.196	202.657
Rentekostnader og liknande kostnader		32.146	20.444	100.515
<b>Netto renteinntekter</b>		<b>27.116</b>	<b>23.752</b>	<b>102.142</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		3.662	4.013	15.943
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-447	-483	-2.097
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		970	2.283	6.532
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		4.730	4.177	23.196
Andre driftsinntekter		0	0	111
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>8.915</b>	<b>9.990</b>	<b>43.685</b>
Løn og andre personalkostnader		6.626	6.022	24.044
Andre driftskostnader		7.443	6.651	25.986
Ordinære avskrivningar		159	177	640
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>14.228</b>	<b>12.850</b>	<b>50.670</b>
<b>Tap på utlån, garantiar o.l.</b>	<b>2</b>	<b>158</b>	<b>613</b>	<b>6.040</b>
<b>Resultat før skatt</b>		<b>21.645</b>	<b>20.279</b>	<b>89.117</b>
<b>Skattekostnad</b>		<b>5.412</b>	<b>5.070</b>	<b>20.378</b>
<b>Resultat før andre inntekter og kostnader</b>		<b>16.233</b>	<b>15.209</b>	<b>68.739</b>
<b>Utvida resultat</b>				
Andre inntekter og kostnader		6	45	1.145
<b>Totalresultat</b>		<b>16.239</b>	<b>15.254</b>	<b>69.884</b>

**BALANSE****(Tal i heile 1.000)**

EIGENDELER	Note	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Kontantar og fordringar på sentralbankar		75.516	74.198	74.405
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		238.135	227.330	242.167
Utlån til og fordringar på kundar	2	3.685.675	3.548.450	3.651.146
Obligasjons- og pengemarknadsfond	3	373.412	458.200	319.751
Aksjar og grunnfondsbevis	3	175.161	169.436	173.827
Varige driftsmidler		6.899	7.377	7.008
Eigendeler ved utsatt skatt		3.876	9.890	3.876
Andre eigendeler		24.110	20.454	18.178
<b>SUM EIGENDELER</b>		<b>4.582.784</b>	<b>4.515.335</b>	<b>4.490.358</b>

**GJELD OG EIGENKAPITAL**

Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	5	115.623	145.988	146.424
Innskot og andre innlån frå kundar	4	3.478.528	3.384.295	3.372.976
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	210.987	281.049	210.952
Anna gjeld		26.167	16.627	15.906
Avsetningar		23.842	25.656	32.472
<b>Sum gjeld</b>		<b>3.855.147</b>	<b>3.853.615</b>	<b>3.778.730</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>727.637</b>	<b>661.720</b>	<b>711.628</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>4.582.784</b>	<b>4.515.335</b>	<b>4.490.358</b>

Garantiansvar		37.501	54.344	38.959
Pantsetjingar		259.578	248.157	256.964
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		759.364	743.479	773.569
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		4.553.589	4.479.558	4.538.147

**RESULTATANALYSE**

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Renteinntekter og liknande inntekter	5,22 %	4,00 %	4,47 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,83 %	1,85 %	2,21 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>2,40 %</b>	<b>2,15 %</b>	<b>2,25 %</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,32 %	0,36 %	0,35 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,04 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,09 %	0,21 %	0,14 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,42 %	0,38 %	0,51 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,79 %</b>	<b>0,90 %</b>	<b>0,96 %</b>
Løn og andre personalkostnader	0,58 %	0,55 %	0,53 %
Andre driftskostnader	0,66 %	0,60 %	0,57 %
Ordinære avskrivningar	0,01 %	0,02 %	0,01 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>1,25 %</b>	<b>1,16 %</b>	<b>1,12 %</b>
<b>Tap på utlån, garantiar o.l.</b>	<b>0,01 %</b>	<b>0,06 %</b>	<b>0,13 %</b>
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>1,91 %</b>	<b>1,84 %</b>	<b>1,96 %</b>
<b>Skattekostnad</b>	<b>0,48 %</b>	<b>0,46 %</b>	<b>0,45 %</b>
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>1,43 %</b>	<b>1,38 %</b>	<b>1,51 %</b>
<b>Utvida resultat</b>			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	0,03 %
<b>Totalresultat</b>	<b>1,43 %</b>	<b>1,38 %</b>	<b>1,54 %</b>

<b>NØKKELTAL</b>	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
<b>Rentabilitet og effektivitet</b>			
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	9,01 %	9,43 %	10,12 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	45,46 %	43,46 %	41,32 %
Kostnadsprosent inkludert avkastning på rentefond	39,49 %	38,08 %	34,75 %
<b>Soliditet</b>			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	15,88 %	14,62 %	15,85 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	24,68 %	23,04 %	24,97 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	25,21 %	23,32 %	25,30 %
Konsolidert kapitaldekning	25,78 %	23,78 %	25,73 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,16 %	11,49 %	12,37 %
<b>Vekst siste 12 måneder</b>			
Vekst i utlån på egen balanse	3,94 %	3,72 %	3,43 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	3,63 %	3,51 %	2,40 %
Vekst i innskot	2,78 %	6,85 %	3,80 %
Vekst i forvaltning	1,49 %	3,50 %	2,72 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak	1,58 %	3,30 %	1,96 %
<b>Likviditet</b>			
Innskotsdekning	93,62 %	94,68 %	91,63 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	77,74 %	78,38 %	75,72 %
LCR	293,20 %	185,80 %	267,92 %
NSFR	149,99 %	143,64 %	147,00 %



**ENDRING I EIGENKAPITAL**

(Tal i heile 1.000)

	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital pr. 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>42.713</b>	<b>580.186</b>	<b>23.715</b>	<b>646.615</b>
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	6.162	62.577	0	<b>68.739</b>
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1.145	0	<b>1.145</b>
Avsetnad til gåver	0	0	-5.500	5.500	<b>0</b>
Gåver utdelt av styret i 2023	0	0	0	-4.871	<b>-4.871</b>
<b>Eigenkapital pr. 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>48.875</b>	<b>638.409</b>	<b>24.344</b>	<b>711.628</b>
Resultat før andre inntekter og kostnader	16.233	0	0	0	<b>16.233</b>
Poster ført over andre inntekter og kostnader	6	0	0	0	<b>6</b>
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	<b>0</b>
Gåver utdelt av styret så langt i 2024	0	0	0	-230	<b>-230</b>
<b>Eigenkapital pr. 31.03.2024</b>	<b>16.239</b>	<b>48.875</b>	<b>638.410</b>	<b>24.114</b>	<b>727.637</b>

## Noter

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

1. IFRS 13. Det blir i staden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskrift § 7-3.
2. IFRS 15.113-128
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkingar. Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

#### Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sannsynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytt usikkerheit til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapen er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

### NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

#### Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
<b>Inngående balanse 01.01.2024</b>	<b>3.160.644</b>	<b>444.964</b>	<b>75.381</b>	<b>3.680.989</b>
Overført til trinn 1	49.006	-49.006	0	0
Overført til trinn 2	-149.020	149.020	0	0
Overført til trinn 3	-956	-3.709	4.665	0
Netto endring	-21.824	-6.111	-642	-28.577
Nye lån	263.988	12.723	745	277.456
Frårekna lån	-192.375	-16.923	-5.180	-214.478
<b>Utgående balanse 31.03.2024</b>	<b>3.109.463</b>	<b>530.958</b>	<b>74.969</b>	<b>3.715.391</b>

<b>Utlån til kundar fordelt på sektor og næring</b>	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Personkundar	2.681.478	2.612.959	2.656.199
Offentleg sektor	7.676	10.069	7.588
Finans og andre sektorar	8.629	12.209	8.753
<b>Næring</b>			
- Primærnæring	159.694	142.903	158.998
- Industri	36.052	43.278	33.138
- Kraftproduksjon	30.834	32.222	30.446
- Bygg og anlegg	161.641	192.789	180.783
- Handel	48.453	48.434	47.636
- Hotell og restaurantdrift	68.376	60.679	66.680
- Transport	26.502	26.273	27.846
- Eigedomsdrift	428.882	339.117	406.937
- Andre tenesteytande næringer	50.584	51.760	54.170
- Interesseorganisasjonar	6.590	1.781	1.817
<b>Sum utlån før nedskrivningar</b>	<b>3.715.391</b>	<b>3.574.473</b>	<b>3.680.991</b>
Trinn 1 nedskrivningar	-6.850	-7.315	-7.450
Trinn 2 nedskrivningar	-3.752	-3.283	-2.933
Trinn 3 nedskrivningar	-19.114	-15.425	-19.462
<b>Sum utlån til og fordringar på kundar på eigen balanse</b>	<b>3.685.675</b>	<b>3.548.450</b>	<b>3.651.146</b>
Overført til Verd Boligkreditt AS	759.364	743.479	773.569
<b>Totale utlån</b>	<b>4.445.039</b>	<b>4.291.929</b>	<b>4.424.715</b>

#### Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Misleghald næringlivskundar	45.004	41.067	45.108
Misleghald personkundar	1.506	1.354	5.799
<b>Brutto misleghaldne engasjement</b>	<b>46.510</b>	<b>42.421</b>	<b>50.907</b>
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-13.696	-14.141	-13.940
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>32.814</b>	<b>28.280</b>	<b>36.967</b>

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	29.793	40.098	25.576
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-5.498	-376	-5.598
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	<b>24.295</b>	<b>39.722</b>	<b>19.978</b>

**Kreditt-tap på utlån, garantiar og unytta kreditttrammer til kundar**

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
<b>Nedskrivningar og avsetningar</b>					
<b>Inngående balanse 01.01.2024</b>	<b>9.823</b>	<b>3.093</b>	<b>388</b>	<b>19.150</b>	<b>32.454</b>
Overføringer:					
Overført til trinn 1	295	-295	0	0	0
Overført til trinn 2	-566	566	0	0	0
Overført til trinn 3	-3	-5	8	0	0
Netto endring	-155	531	-6	-340	30
Nye tap	686	18	3	0	707
Frårekna tap	-843	-42	-7	-1	-893
Endring i risikomodell/parameter	-11	-2	-2	0	-15
Andre endringar	0	0	0	0	0
<b>Utgående balanse 31.03.2024</b>	<b>9.226</b>	<b>3.864</b>	<b>384</b>	<b>18.809</b>	<b>32.283</b>
Verdijustert over andre inntekter					
kostnader	1.467	0	0	0	1.467
<b>Sum nedskrivningar og avsetningar</b>					
<b>pr 31.03.2024</b>	<b>7.759</b>	<b>3.864</b>	<b>384</b>	<b>18.809</b>	<b>30.816</b>
Nedskrivningar på balanseført utlån til kundar	6.850	3.752	305	18.809	29.716
Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar	909	112	79	0	1.100
<b>Sum nedskrivningar/avsetningar 31.03.2024</b>	<b>7.759</b>	<b>3.864</b>	<b>384</b>	<b>18.809</b>	<b>30.816</b>

**Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar**

	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 1 og 2	173	-232	351
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 3	-4	866	5.096
Konstaterte tap med tidlegare nedskrivning	0	0	543
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivningar	1	0	82
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-21	-21	-32
<b>Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar</b>	<b>158</b>	<b>613</b>	<b>6.040</b>

### NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

#### Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsvardiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

#### Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2024 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

#### Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2024	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<b>Obligasjons og pengemarkedsfond</b>					
Storebrand Likviditet	4.930	50.238	50.238	0	0
Odin Likviditet	62.586	63.596	63.596	0	0
DNB European Covered Bonds	94.032	66.125	66.125	0	0
DNB Global Treasury	74.924	68.644	68.644	0	0
Dnb OMF	123.594	124.809	124.809	0	0
<b>Sum obligasjons og pengemarkedsfond</b>		<b>373.412</b>	<b>373.412</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Aksjar og grunnfondsbevis</b>					
Balder Betaling AS	210.423	7.195	0	0	7.195
Brage Finans AS	2.242.581	55.168	0	0	55.168
DNB Bank ASA	15.942	3.429	3.429	0	0
Eiendomskreditt AS	99.222	17.583	0	0	17.583
Frende Holding AS	36.938	19.208	0	0	19.208
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	1.760	1.760	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	1.250	0	0	1.250
Luster Energiverk AS	1.374	17.862	0	0	17.862
Norne Securities AS	119.758	975	0	0	975
Verd Boligkreditt AS	44.639	47.426	0	0	47.426
Visa		899	0	0	899
Kredittforeningen for Sparebanker	460	579	0	0	579
Sogn Sparebank	7.600	1.444	1.444	0	0
Andre aksjer		383	0	0	383
<b>Sum aksjar og grunnfondsbevis</b>		<b>175.161</b>	<b>6.633</b>	<b>0</b>	<b>168.529</b>
<b>Sum verdipapir</b>		<b>548.573</b>	<b>380.045</b>	<b>0</b>	<b>168.529</b>
<b>Avstemming nivå 3</b>					
Inngående balanse 01.01					167.099
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					3.048
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					326
Sal					0
<b>Utgåande balanse</b>					<b>168.529</b>

**NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING**

	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Lønstakarar	2.613.232	2.416.143	2.497.489
Offentleg sektor	150.972	196.608	168.337
Finans og andre sektorar	84.782	89.157	85.758
<b>Næring</b>			
- Primærnæring	106.676	86.521	64.610
- Industri	22.243	29.280	22.407
- Kraftproduksjon	126.266	220.456	137.760
- Bygg og anlegg	98.185	112.483	123.951
- Handel	47.809	42.676	46.216
- Hotell og restaurantdrift	22.499	31.033	27.816
- Transport	13.465	10.371	13.945
- Eigedomsdrift	80.267	61.300	74.455
- Andre tenesteytande næringar	97.327	78.593	99.811
- Interesseorganisasjonar	14.805	9.674	10.421
<b>Sum innskot</b>	<b>3.478.528</b>	<b>3.384.295</b>	<b>3.372.976</b>

**NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN****Innlån frå kredittinstitusjonar**

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	0,43 %	0	30.000	30.000
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	0,52 %	0	50.000	50.000
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	0,48 %	35.000	35.000	35.000
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	30.000	30.000	30.000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	50.000	0	0
Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi				115.000	145.000	145.000
Påløpte renter				623	988	1.424
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi</b>				<b>115.623</b>	<b>145.988</b>	<b>146.424</b>

**Gjeld stifta ved å utstede verdipapir**

Obligasjonar er prisa til 3M Nibor + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	0,54 %	0	70.000	0
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0,53 %	80.000	80.000	80.000
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	70.000	70.000	70.000
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	60.000	60.000	60.000
Obligasjonslån nominell verdi				210.000	280.000	210.000
Tilbakekjøpte obligasjoner				0	0	0
Påløpte renter				1.073	1.189	1.054
Over/underkurs				-86	-140	-102
<b>Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir</b>				<b>210.987</b>	<b>281.049</b>	<b>210.952</b>

**Endring i verdipapirgjeld**

	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	210.952	281.172	281.172
Opptak av nye lån i perioden	0	0	0
Forfalte eller innløyste lån i perioden	0	0	-70.000
Innbetaling pålydende egne obligasjoner	0	50.000	50.000
Tilbakekjøp pålydende egne obligasjoner	0	-50.000	-50.000
Endring over/underkurs	16	9	38
Endring påløpte renter	19	-132	-258

**Bokført verdi av verdipapirgjeld**

<b>ved utgang av perioden</b>	<b>210.987</b>	<b>281.049</b>	<b>210.952</b>
-------------------------------	----------------	----------------	----------------



**NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV**

	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Eigenkapital	711.397	582.630	711.628
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	0	-15.254	0
- Frådrag	-97.594	-95.685	-96.297
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>613.803</b>	<b>471.691</b>	<b>615.330</b>
<b>Engasjementskategoriar (vekta beløp)</b>			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	1.543	2.022	1.525
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	46.601	52.705	47.438
Foretak	62.642	62.946	49.683
Massemarked	307.600	302.160	291.789
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.321.389	1.246.845	1.326.250
Forfalte engasjementer	68.604	87.817	68.193
Høgrisiko-engasjement	55.147	56.940	67.742
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	41.862	121.087	31.421
Eigenkapitalposisjonar	89.232	78.214	90.084
Øvrige engasjement	23.772	42.280	34.900
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>2.018.392</b>	<b>2.053.017</b>	<b>2.009.025</b>
<b>Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden</b>	<b>218.919</b>	<b>189.642</b>	<b>218.919</b>
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.237.311</b>	<b>2.242.658</b>	<b>2.227.944</b>
Rein kjernekapitaldekning i prosent	27,43 %	21,03 %	27,62 %
Kjernekapitaldekning i prosent	27,43 %	21,03 %	27,62 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	27,43 %	21,03 %	27,62 %
Uvekta kjernekapital i prosent	13,42 %	12,15 %	13,73 %

## Konsolidering av samarbeidende grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har eigarandel på 3,19 % i Verd Boligkreditt AS og 1,64 % i Brage Finans AS.

	31.03.2024	31.03.2023	31.12.2023
Konsolidert rein kjernekapital	696.972	632.114	703.093
Konsolidert kjernekapital	711.722	639.846	712.437
Konsolidert ansvarleg kapital	727.979	652.372	724.405
<b>Konsolidert beregningsgrunnlag</b>	<b>2.823.695</b>	<b>2.743.206</b>	<b>2.815.708</b>
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	24,68 %	23,04 %	24,97 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	25,21 %	23,32 %	25,30 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	25,78 %	23,78 %	25,73 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,16 %	11,49 %	12,37 %
<b>Banken sine kapitalkrav</b>	<b>31.03.2024</b>	<b>31.03.2023</b>	<b>31.12.2023</b>
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	3,00 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,00 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	12,50 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	14,00 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	16,00 %	17,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

## Banken sine kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 17,5 % for rein konsolidert kjernekapital per 31.12.2024. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

Mål for rein kjernekapitaldekning	17,5 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,0 %
Mål for kapitaldekning	21,0 %